

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1976

Namnet på vatnet

Dju fedels sifret

Kommune .....

Bjørnelund

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningslinjer frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## D J U P E D A L S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 25 aug. 1976

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, og grensar for ein del etter vegen mellom Funningsland og Vormeland, og med Nordstølhei i nord.

Arealet er omlag 15 ha. og h.o.h. 337 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men etter alt å døma er det eit heller djupt vatn, med einskilte grunnare partier nær land.

Stranda består av stein og fjell, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmebras og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om noko dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark, myr og snaufjell.

Hovudtilsiget kjem frå Funningslandsvatnet i aust og avlaupet renn ut i sør til Tøtlandsåna.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 6.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.2 som er heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalk ( $\text{CaO}$ ) er 0.6 mg/l og den totale hardheita 2.0 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne 16.8

Gjennomstrøyminga er ganske stor.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til følgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 7 vårflugelarver tilsvarande 70 individ pr. $\text{m}^2$ .

5.0 meteren gav som resultat 1 fjærmygglarve eller 10 individ pr.  $\text{m}^2$ .

Det ser såleis ut til å vera særslig lite med botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøver av 4 fiskar. Her vart det funne gelekreps (plankton), fjærmygglarver, luftinnsekter, vårflugelarver, myggupper, vannkalvlarver, maur, muslingar og linsekreps, ein ganske allsidig meny.


#### Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50.0 m og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som mykje fattige.


#### Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure og ål. Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 66 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av heile fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 25 fiskar og av desse var 9 lys-røde, resten kvite i fiskekjøttet.

Videre var det 13 hanfiskar og 12 hofiskar, ei normal kjønnsfordeling.

2 av fiskane var svakt angripne av parasittar.

18 av fiskane (72%) var gytefisk- resten gjellfisk.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	4.2	9.1	14.9	19.9	23.2
Årleg lengdetilvekst i cm	4.2	4.9	5.8	5.0	3.3
Antall fiskar	25	25	25	25	14

Medel kondisjonsfaktor = 1.02 tilseier fisk av normal kvalitet

Set vi opp ein vekstkurve for fisken i Djupedalsvatnet og sammenliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år) vil denne sjå slik ut.



Som vi her vil sjå, syner auren i Djupedalsvatnet ein lengde-tilvekst noko i underkant av normalen. Auren går mot ei maksimal-lengd på ca. 25 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nokre vesentleg større fiskar vil sikkert finnast i vatnet, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er då fisk som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon i Djupedalsvatnet. Videre at vatnet er sterkt overbefolka.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse gode sjølv om botnprøvene og planktonprøvene gav eit magert resultat.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, syner at det er småfisken som fullt ut dominerer. Over 50 % av fiskane vart fanga på det eine garnet (omfar 32) og fisk på ca 21 cm lengde er det vanlege.

Vekstkurven er noko i underkant av det den burde ha vore, men likevel ikkje så heilt av laget.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg, og dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatna. Ein vil såleis alltid få gode vilkår for alger og anna plankton i slike vatn.

Nedslagsfeltet for Djupedalsvatnet er vekslande med store areal av snaumark, skogsmark, fjell og myr, men her er og ein del kulturbeiter og dyrka mark.

Ser vi på auren vi fekk, så var denne småfallen, storparten kvit i fiskekjøttet og ikkje av fullgod kvalitet mot det den kunne vore. Kondisjonsfaktoren syner bra kvalitet, men småfisken vil som regel alltid ha høgare K-faktor enn større fisk.

Vidare var heile 72 % av prøvefiskane gytefisk og dette er ein altfor høg gyteprosent. Normalt skulle denne vore omlag 20 - 25 %. Gyte tilhøva i tilstøytande bekker er ikkje særleg gode, men lenger oppe i vassdraget er der fleire mykje gode gytebekker.

#### Praktiske tiltak.

Grunneigarane til Funningslandsvassdraget burde gått saman i eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna står på.

Det første ein må gjera for å få fram fin fisk i Djupedalsvatnet er å redusere det nåverande fiskebestand ganske vesentleg.

Fiskebestanden er altfor stort i høve til det næringsførrådet vatnet har og vi får småfallen fisk av ikkje fullgod kvalitet.

Som kjent har det nystarta Hjelmeland Settefisklag m.a. som oppgåve å omsetje fisk frå overbefolka vatn innan kommunen.

Ved hjelp av ruser vil storparten av fisken bli fanga og fisken i Djupedalsvatnet ville vera ypperlig som settefisk i andre vatn.

Då det vil vera vanskeleg å finna høvande stader for å setje ruser i Djupedalsvatnet, er det grunn til å tru at den utfiskinga som vil

bli sett i gang andre stader i vassdraget, vil få positiv verknad på fiskebestandet i dette vatnet. Etter kvart som småfisken blir tatt ut, vil ein innan få år få merkja forskjell på fisken. Det er ingen tvil om at ein kan få fram fisk av ypperleg kvalitet i Djupedalsvatnet.

Når ein har fått fram den fiskekvaliteten ein ynskjer, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske medan grunneigarane sjølve tek hand om garnfisket. I eit så atraktivt område som det her er tale om, er det grunn til å tru at fiskekortsal vil gi ein bra netto.

Andre tiltak skulle førebels ikkje vera aktuelle, men som nemnt er det viktigaste av alt å skipe til eit grunneigarlag der flest mogeleg av grunneigarane blir med.

Stavanger 3. mars 1977  
Einar Berg